

# Rotary kulturprisvinnar

1986

## Petter Dyrkorn



**Petter Dyrkorn** var fødd 06.01.1921 på Dyrkorn, Stordal kommune. Han vart gift med Asbjørg f. Sørenvik og dei busette seg på Otterlei. Dei fekk 3 gutar og 2 jenter. Petter var fiskar og fangstmann, men under krigen vart han råka av polyomyelitt og rt etter ei tid målar av yrke, men den store interessa gjekk til arkeologi og -geologi. Gjennom heile sitt vaksne liv har Petter Dyrkorn vore interessert i arkeologi og geologi. Han er sjølvlærd, har lese seg fram til det han veit om emnet, og det er ikkje lite.

Der utgravinga har gått føre seg, har han vore tilstades. Ikkje berre på Nordøyane, men også lenger sørover på Sunnmørsøyane. Han har leita etter historiske spor og har funne dei. Som eit resultat av dette kan han fortelje oss mykje om mange tusen år gammal busetnad på våre kantar. Han kan fortelje om korleis desse folka levde, kva dei åt, korleis dei stelte maten sin og mykje, mykje meir. Han har arbeidd innanfor emnet rosemaling som eit svært verdifullt kulturarbeid. Han har halde kurs i regi av friundervisninga. Han har halde over 30 kurs i rosemåling og teke vare på gamle sunnmørske rosemålingsmønster og katalogisert dei. Dette er eit portrett av Petter Dyrkorn, teke i 1989 i samband med at han fekk Møre og Romsdal fylke sin kulturpris. Foto Øyvind Fet. På biletet viser han fram kopiar av steinalderpilar som han sjølv har laga.

Juryens si avgjerd:

*Det er spesielt for denne innsatsen Petter Dyrkorn har gjort på det arkeologiske område at juryen vil gi han Rotaryprisen. Det er for det meste han å takke for at vi idag veit om forfedrane våre sin levemåte og at vi kan tidfeste busetnaden i våre bygder. Hans interesse og innsats på dette område har opna augo våre for fortid. Utan hans innsats ville ein stor del av det vi idag veit om våre eigne forfedrar vore ukjent. På ekte detektivvis har han leita fram mange tusen år gamle busetnader i våre bygder. Han kan fortelje oss korleis dei som levde her budde, korleis dei stelte maten sin, kva dei åt og mykje anna. Og han kan ikkje berre påstå det, men også dokumentere det.*

*Han fekk etter kvart god kontakt med Bergen Museum og har også arbeidd for museumet, utan å tene seg rik på dette arbeidet. Det meste han har gjort på dette området, har han gjort utan betaling og av eigen interesse. Om historia om eldre tider i våre bygder ein gong skal*

*skrivast, vil det vere uråd ikkje å nemne Petter Dyrkorn som ein pioner i denne forskninga. Petter Dyrkorn er sjølv lærer og eit godt døme på at "bokhyllen er den stige hvorved man kan blive sin overmanns lige" Han har faglitteraturen ståande i si eiga bokhylle og har dessutan, som bibliotekar på Fjørtoft, late ingen ting av det som var å finne i folkeboksamlinga gå forbi seg. Hans samarbeid med Bergen Museum har også gjort at han har fått studentarbeid og vitenskapelege avhandlingar tilsendt. På denne måten har han skaffa seg innsyn i desse fagnemna.*

*Der utgraving har gått føre seg, har han vore, ikkje berre på Nordøyane, men også lenger sør over sunnmørsøyane og leita etter historiske spor. Saman med arkeologane frå Bergen Museum har han registrert mange verdfulle funn, men han har fått eit eineståande forhold til arkeologane.*

*Juryen meiner å ha funne ein verdig kandidat til prisen.*

#### Prisutdeling på "Våghall" 03.04.1986.

Prisutdelinga var arrangert i samband med ein kulturkveld på "Våghall" med mykje god underhaldning. Kvelden var leia av klubbmeister for året, Bjarne Skjelten. Brattvåg Songarlag opna festen med nokre songnummer, leia av dirigenten, Birger Neerård. Deretter tok presidenten, Njål, ordet. Han opna med ei stutt orientering om Rotary. Han fortalde om rotary sitt arbeid på verdsplanet, i lokalsamfundet og om kulturfondet. Han las opp "juryen" sin avgjerd kvifor akkurat Petter Dyrkorn vart vald til prisvinnar. Under høgtidelege former, fekk prisvinnaren overlevert, først diplom og så sjølve prisen, ein sjekk på kr. 3000,00

Petter Dyrkorn takka for prisen i ein inspirert tale, der han fortalde om korleis han fekk interesse for geologi og arkeologi alt i konfirmasjonsalderen. Vi fekk høyre om arbeid han hadde vore med på, både geologiske og arkeologiske. Han fortalde om funn han hadde gjort, m.a. Fjørtoftsølja og perlegrava på Fjørtoft. Alt var framført i ein lett stil og var svært

interessant å høyra.

Etterpå fekk vi musikk av Leikny Aasen Rogne. Ho spela hardingfele, særleg Fanitullen, fall i god jord. Kveldens hovedaktør var museumsstyrar Harald Grytten. Kåseriet var mykje retta til prisvinnaren og innhaldet var for det meste om det gamle Ålesund. Etter kåseriet viste han ein serie lysbilete om utviklinga i Ålesund frå gamal tid til i dag.

**Rosemålaren Petter Dyrkorn hadde dekorert ei vakker tine som vart utlodda, saman med to planter.**

Brattvåg janisjarkorps hadde så ei avdeling med tyrolermusikk før Brattvåg Songarlag avslutta med ny korsongavdeling.



Dette bilte er frå utgraving ved Helvikja på Fjørtoft. I samband med nydyrking vart det funne restar etter åker frå bronsealderen, ei grav og fleire stolpehol etter hus. På biletet er Petter Dyrkorn saman med arkeologar frå Universitetet I Bergen